



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 14.08.2018
Vår ref.: 2018/12610-2
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy
Tlf: 932 49 179

«KONTAKT»

Eide Fjordbruk AS - Søknad om auka areal og MTB på lokalitet Eikebærånæ i Lindås kommune

Hordaland Fylkeskommune sender med dette kopi av søknad dagsett 09.07.2018 frå Eide Fjordbruk AS og EWOS Innovation AS om løyve til å utvide arealet og maksimalt tillaten biomasse (MTB) for oppdrett av laks og aure på lokalitet 13870 Eikebærånæ i Lindås kommune.

Det vert søkt om å skifte ut det eksisterande stålanlegget med eit nytt anlegg med 6 stk. plastringar i 90 x 90-meters rammer. Førflåten skal ligge på sørsida av anlegget. Anlegget vert liggjande innanfor areal avsett til akvakultur i kommuneplanen til Lindås kommune.

Lokaliteten er i dag godkjent for ein produksjon på 1560 tonn MTB, og selskapa søker om å auke denne til 3120 tonn. Bakgrunnen for søknaden er at Eide Fjordbruk vurderer Eikebærånæ som ein svært god lokalitet med gode produksjonsresultat gjennom mange år, med lite sjukdom, lavt lusnivå og gode resultat frå MOM B-undersøkingar både i 2013, 2015 og 2017. Straummålingar som inkluderer botnstraum, spreingsstraum og vassutskiftingsstraum er bestilt og rapporten vil bli ettersendt. For ytterlegare informasjon syner vi til søknaden.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i *forskrift om konsekvensutredningar for tiltak etter sektorlover*. Fylkeskommunen si vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande opplyst i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmynda for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Høyringsparten skal konkretisere kva for tilhøve som bør opplysast nærare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Lindås kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på fire veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysningsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret §8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Vi ber dykk handsame/vurdere søknaden frå Eide Fjordbruk AS etter gjeldande særlover/andre interesser, og returnere uttalen til vårt kontor. Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Vibeke Lokøy, tlf. 932 49 179 eller e-post til vibeke.saure.lokoy@hfk.no, i Hordaland fylkeskommune.

Beste helsing
Vibeke Lokøy